

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/17	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	08.03.2017
022/17	Formannskapet	PS	15.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Laura Ve	14/2883

Offentleg høyring kart- og planforskriften

Vedlegg:

Offentlig høring av ka

HØRINGSNOTAT_kartplanforskr2016(434399)(1)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune sender inn høyringsuttale i saka om forslag til endringar i Kart og planforskrifta (Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister) som det går fram av saksutgreiinga.»

Plan- og kommunalteknisk utval - 028/17

PL - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - Samrøystes tilrådd

PL - vedtak:

«Osterøy kommune sender inn høyringsuttale i saka om forslag til endringar i Kart og planforskrifta (Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister) som det går fram av saksutgreiinga.»

Formannskapet - 022/17

FS - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

«Osterøy kommune sender inn høyringsuttale i saka om forslag til endringar i Kart og planforskrifta (Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister) som det går fram av saksutgreiinga.»

Saksopplysningar:

Forslag til høyringsuttale:

Vi viser til dykkar brev dagsett 20.12.2016 om offentleg høyring av endringar i kart- og planforskriften.

Osterøy kommune har ingen merknad til dei føreslegne endringane med unntak av forslag til nye formål for overvasshandsaming og klimatilpassing: vi vurderer at slike føremål kan være svært nyttige samstundes som vi ser at det i mange tilfeller vil vere meir teneleg å nytta eit underliggande føremål for bruk og føresegnsområde eller omsynsone for overvasshandsaming. Vi ber om at endringane ikkje vert til hinder for dette. Døme: føremål og hovudbruken av eit areal kan vere td. parkeringsplass, leikeareal eller park medan føresegnsområde eller omsynsone vil gi føring om at arealet må tilretteleggast med eigenskaper for infiltrasjon og / eller fordrøying (permeable overflater).

Kommunen ynskjer å kome med innspel til endringar av føremål slik det er oppmoda om.

Naust, kai og brygger har ikkje eige føremål i gjeldande forskrift. Osterøy kommune har nytta «Andre typer bygg og anlegg» (sosi 1500) for denne type arealbruk. Osterøy kommune meiner det vil vere meir teneleg med eigen kategori under hovudkategori «Bruk og vern av sjø og strandsone» for naust og brygger/kai som tydeleg skil den frå andre tiltak i strandsona. Naust, kai og brygger er ein vesentleg arealbruk som kun kan knyttast til sjø og vassdrag og difor ikkje burde vere underformål av «Bygg og anlegg». Vi meiner dette vil tydeleggjere ønska arealbruk i kartet og skape eit klårt skilje frå andre føremål.

Kommunen ber om at departementet vurderer ein eigen arealkategori for naust, brygger og kai under hovurdføremål «Bruk og vern av sjø- og vassdrag»

Kommunen ynskjer også å nytta anledningen i uttalen til å kome med forslag om å sette i gang arbeid med ei felles løysing for digitalt planregister for kommunane. Osterøy kommune vurderer det som hensiktsmessig å sjå planregisteret i samanheng med Kartverket si nasjonale løysing for se-plan (<http://www.seplan.kartverket.no/>) der planinformasjon for alle kommunane i Noreg er tilgjengeleg i same kartløysing. Dersom det vert utvikla ei nasjonal løysing også for planregister kan vi vere eit godt steg nærare ei god løysing for plandialog. Når kommunen i vår uttale viser til «plandialog» meiner vi ei løysing som gjer informasjon om planprosess, vedtekne dokument, dispensasjonar frå plan, gjeldande areal (plan i kart: se-plan) mm. enkelt tilgjengeleg for innbyggjarar, politikarar, sakshandsamarar, overordna instansar, konsulentar osv. Standarisering av planregister vil også gjere informasjonen meir tilgjengeleg for alle ettersom det ikkje vert store variasjonar i form og uttrykk mellom dei ulike kommunane. Ei felles nasjonal løysing meiner vi også vil bety mindre ressursbruk til drift av ei lovpålagt oppgåve som kan frigi ressursar til kvalitetssikring osv. Da kan kommunane arbeide opp mot sine leverandørar av saks- og arkivsystem for å vidareutvikle smarte sytem for handsaming av dokument og informasjon digitalt.

Kommunen ber om at departementet også tek med seg desse innspela i sitt arbeid med forskrifta og

det vidare arbeidet med utvikling av digitale løysingar i plansaker.

Bakgrunn

Ein viser til vedlegg i saka for utfyllande informasjon om forslag til endringar i kart- og planforskrifta.

Vurdering

Rådmannen rår til at Osterøy kommune sender inn høyringsuttale som føreslått.